



Kommuneplanen sin

samfunnsdel

Fyresdal kommune 2023-2035

Vekst og vilje i Fyresdal

Vedtatt i kommunestyret 22. juni 2023

Innhald

Innleiing	4
Overordna	6
FN sine berekraftsmål	7
Gjennomgåande tema	8
Utgangspunkt	10
Fyresdal i tal 2023	10
Samfunnsutvikling, kultur og frivillige	12
Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige	15
Næring og arbeidsliv	16
Strategi for næring og arbeidsliv	19
Oppvekst og utdanning	20
Strategi for oppvekst og utdanning	23
Helse og omsorg	24
Strategi for helse og omsorg	27
Areal, klima og miljø	28
Strategi for areal, klima og miljø	31
Kommunen som organisasjon	32
Strategi for kommunen som organisasjon	35

Forfattar: Fyresdal kommune

Utgjevar: Fyresdal kommune

Vedtatt i kommunestyret 22. juni 2023

Framside- og baksidedefoto: Colourbox

Design: Birgith Reinskås Lunden, Faun Natuforvaltning

Innleiing

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunens overordna styringsdokument. Samfunnsdelen lagast for ein 12-årsperiode. Samfunnsdelen inneheld satsingsområde for heile 12-årsperioden. Satsingsområda er styrande for kommunen som både tenesteprodusent og samfunnsutviklar. Som overordna styringsdokument er satsingsområda i samfunnsdelen retningsgjevande for administrasjonens anbefalingar overfor kommunestyret, og for kommunestyrets val av løysingar og tenester til innbyggjarane i planperioden.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal syne veg for utviklinga av kommunen, med utgangspunkt i utfordringsbilete kommunen står i. Planen legg opp til at demografiutvikling og fråflytting må løysast med bulyst og attraktivitet for næringslivet, slik at kommunens kvalitetar blir vidareført og folketalet veks.

Samfunnsdelen bygger på føringane gjevne i planprogrammet som er vedtatt i kommunestyret. Ei arbeidsgruppe beståande av tilsette i kommunen, representant frå næringslivet og representant for unge vaksne har jobba med planens struktur og oppbygging. Det har vore gjennomført medverknadsprosessar ut ifrå dei ulike områda i planen. Planprosessen er forankra i kommunens administrasjon og blant dei tillitsvalde.

Satsingsområda i planen vil seinare danne grunnlag for ulike kommunale handlingsplanar, og strategiar for å gjennomføre planane. Handlingsplanane vil danne grunnlag for evaluering av tenestene, og tiltak for utvikling av tenestene vil innarbeidast i den årlege rulleringa av budsjett og økonomiplan.

Planstrategi

Planprogram

Kommuneplan

Samfunnsdel

Arealdel
(juridisk)

Arealdel heile
kommunen

Kommunedel-
planar

Handlingsplanar

Reguleringsplanar
(område/detalj)

Rekneskap
Budsjett

Økonomiplan
Årsbudsjett

Byggesak

Overordna

Bulyst og næringsutvikling er dei overordna satsingsområda for Fyresdal kommune. Desse to satsingsområda er gjensidig avhengig av kvarandre. Næringsutvikling fører til fleire arbeidsplassar, fleire arbeidsplassar fører til befolkningsvekst dersom vi har nok attraktive bustadar og eit kultur-, fritids- og organisasjonsliv som skapar bulyst saman med eit godt kommunalt tenestetilbod. Vekst og vilje bind desse to overordna satsingsområda saman. Fyresdal kommune er ein kommune med vilje til å prøve, vilje til å endre, vilje til å utvikle, vilje til å prioritere, og vilje til å skape eit levande bygdesamfunn. Denne viljen skapar den veksten bygdesamfunnet har behov for.



FN sine berekraftsmål

Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål, og lagt dei til grunn som overordna målsettingar som skal følgjast opp i blant anna kommunane. Det er derfor viktig at FN sine berekraftsmål blir førande for kommuneplanens samfunnssdel på lik linje med dei overordna måla. Det er ikkje alle berekraftsmåla som er like aktuelle. Det er derfor viktig at ein i samfunnssdelen tek stilling til kva mål som er aktuelle for dei satsingsområda som kommuneplanen tek opp. Under dei ulike satsingsområda som er valde ut for Fyresdal kommune sin samfunnssdel, vil ein sjå kva for nokre av FN sine berekraftsmål som er valde.



FNs berekraftsmål

Gjennomgåande tema

Enkelte tema går på tvers av dei enkelte teneste- og utviklingsområda. Desse gjennomgåande tema er sentrale for all utvikling, og påverkar og påverkast av ulike prioriteringar. Desse må derfor takast med i all planlegging. Nedanfor beskrivast dei seks tema som Fyresdal kommune legg vekt på når satsingsområde blir fastsett og strategiar og tiltak prioriterast.



Drivkraft



Leiarskap



Beredskap



Folkehelse



Fortrinn



Medverknad

Drivkraft

Drivkrafta lokalsamfunnet med sine innbyggjarar har, er utgangspunkt for all verksemd i Fyresdal. Denne drivkrafta kjem til uttrykk i arbeidsliv, gründerverksemd, frivillig arbeid og organisasjonsliv. Historisk sett har fyresdølen hatt rykte på seg for å vere ein som ikkje gjev seg og som er villig til å prøve igjen, dersom han feilar. Den etablerte haldninga om at det er lov å gjere det bra og at det er lov å gjere feil, må vernast om. Fyresdal kommune har som mål å drive kommunen og bygda fram. Den som ynskjer å skape noko for eller i lokalsamfunnet skal få moglegheiter til å gjere det. På den måten skapar vilje vekst.

Leiarskap

I alle former for utvikling og endring er det behov for leiarskap. Leirarar på alle område og nivå, uavhengig av om det er i arbeidsliv, organisasjonsliv eller frivillig arbeid, skal vise respekt for dei ein er sett til å leie. Leiarskapet skal vere prega av evne til omstilling, handlekraft, endring og til å sjå individua ein leiar. Leirarar må ha god rolleforståing og ta ansvar for dei resultata ein får. Leiarskap handlar om å vise veg og gå føre. Alle skal få gode moglegheiter til å utvikle seg i forhold til dei evna ein har, slik at viljen den einskilde har skapar vekst.

Beredskap

Kommunen har ei plikt til å ta vare på innbyggjarane sin tryggleik, og har mynde innanfor sitt geografiske område. Dette er regulert gjennom fleire lovar og forskrifter. Kommunen som verksemd har ansvar for eigne oppgåver, men skal også vere ein pådrivar og koordinator for andre aktørar. Målet er å redusere risikoen for tap av liv eller skade på personar, materielle verdiar eller miljøet. Førebyggande tiltak er ei av dei viktigaste oppgåvene saman med informasjonsarbeid. Befolkninga skal vere trygge på kommunen og andre aktørars evne og vilje til å løyse det som oppstår på ein god måte.

Folkehelse

Kommunane er pålagt å fremme folkehelse. Oppgåvene omfattar å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, legge til rette for trivsel og bidrage til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Samtidig skal vi legge til rette for at innbyggjarane gjerast i stand til å vareta seg sjølv og eigne liv og helse ut ifrå sine føresetnadurar. Folkehelsearbeidet i Fyresdal kommune har som mål å gje innbyggjarane moglegheiter og fellesskap gjennom heile livet. Viktige stikkord er tryggleik, inkludering, førebygging, berekraft, samanheng og eit variert tilbod. Dette krev ei brei tilnærming på mange område og eit samarbeid, med eit tydeleg fokus på evne og vilje til utvikling, forvalting og tenesteyting.

Fortrinn

Med sine naturressursar og innbyggjaranes ynskje om og evne til vekst og utvikling, har Fyresdal kommune eit fortrinn. Dette fortrinnet kjem til uttrykk ved at det er lov å tenke stort og originalt. Saman med dei raske endringane i samfunnet, vil eit slikt fortrinn lettare gje dei resultata ein ynskjer. Rask saksbehandling, tilgjengeleg areal, politisk vilje, fleksible medarbeidarar og berekraftige løysingar er det som vil skape utviklinga. Lokalsamfunnet skal vere oversiktleg, med korte avstandar mellom nivå, og det skal vere ukomplisert. Fyresdal kommune scorar høgt på dugnadsånd og kreativitet, og det å vere løysingsorientert. Arealet, ressursar innanfor kraftforsyning og folka er dei viktigaste fortrinna Fyresdal kommune har.

Medverknad

Det er viktig for Fyresdal kommune å inkludere innbyggjarane. Dei skal ha moglegheit for innflytelse og vere med på å utvikle tilboda. Det er viktig for å oppnå eit fellesskap, føle at ein blir verdsett og få eit eigarskap. Utvikling av dei kommunale tenestene vil i åra framover vere avhengig av å samarbeide meir med frivillige lag og organisasjonar. Sjølvé tenesteproduksjonen vil også i åra som kjem vere prega av individuell tilpassing og at utviklinga skjer i samarbeid med brukarane.

Utgangspunkt

Fyresdal kommune er den kommunen i Telemark med færrest antal innbyggjarar, men er den tredje største i areal. Fyresdal er ein kommune som over tid har vist evne og vilje til å satse på næringsutvikling. Fyresdal kommune har tatt mange grep for å ha ein effektiv organisasjon. Fyresdal har ein skule, ein barnehage og eit pleie- og omsorgssenter, og alt ligg i sentrum med gangavstand mellom dei ulike lokalitetane. Det er etablert «fem-minutt-samfunn».

Demografiutvikling

Dei siste åra har Fyresdal kommune hatt ein nedgang i befolkninga. I 2022 har det skjedd ei endring. Befolkingstala til SSB viser ein vekst. Vekst i befolkning er både på grunn av at Fyresdal kommune i 2022 tek imot flyktingar, men også på grunn av ordinær tilflytting. Målet må vere at den positive utviklinga fortsett. Ein føresetnad for at dette skal skje, er at vi får ei positiv utvikling på arbeidsplassar, og at det skjer ei utvikling i fleire bustadar. Å oppretthalde og vidareutvikle gode kommunale tenester er ein føresetnad for at dette skal skje.

Bustad

Bustadar er avgjerande for næringsutvikling og tilflytting. Det hjelper ikkje med nye arbeidsplassar, dersom dei som skal jobbe der bur og skattar til andre kommunar. Derfor er balansen i næringsutvikling og bustadvekst to sider av same sak. Fyresdal kommune som organisasjon og næringslivet merkar allereie pågangen etter bustadar når dei skal rekruttere.

Fyresdal i tal 2023

Areal: 1 281 kvadratkilometer
Innbyggjarar: 1 208
Jordbruksareal: 7 300 da
Produktiv skog: 280 000 da
Fritidsbustadar: 1 406
Sysselsette i privat næringsliv: 271
Sysselsette i offentleg sektor: 245
48 aktive jordbruksbedrifter
Utpendlarar (2021): 197
Innpendlarar (2021): 72
Sysselsettingsgrad: 67,5 %
Arbeidsløyse: 0,5 %

Næringsutvikling og sysselsetting

Fyresdal kommune har i seks år vore omstillingskommune med støtte frå staten. Resultata av dette arbeidet er svært positive, og grunnlaget som er lagt i omstillingsprogrammet vil takast med vidare i etableringa av framtidas næringssatsing i Fyresdal.

Natur og attraksjon

Fyresdal kommune har ein fantastisk og variert natur vi må ta vare på. Natur som kan nyttast til aktivitetar og friluftsliv med Tretoppvegen som nasjonal attraksjon. Dette dannar grunnlaget for ein vekst i turismen i bygda og vekst i overnatningsbehovet. Tilgang til kortreist og berekraftig matproduksjon blir også eit viktig fortrinn i åra som kjem. Folkestadbyen som attraksjon saman med museet må også bidrage til ei totaloppleveling i Fyresdal som destinasjon. Destinasjonsutvikling saman med Visit Telemark og dei andre kommunane i Telemark er ein føresetnad for utvikling.



Fyresdal sentrum sett frå Klokkarhamaren
Foto: Birgith Reinskås Lunden

Samfunnsutvikling, kultur og frivillige

Fyresdal er ein kommune med lange tradisjonar i kultur- og frivillig arbeid gjennom lag og organisasjonar. Det gjev styrke til lokalsamfunnet, og gjer kommunen rusta til å møte framtida på ein god måte.

Kommunen ynskjer å vere utradisjonell og det er viktig å vareta den lokale kulturen. Kulturen representerer ei historisk plattform, skapar forståing av eigne tradisjonar og gjev premissar for korleis samfunnet skal utvikle seg vidare.

Kulturen er sentral i all verdiskaping, vekst og utvikling.





Utviklinga av Hamaren som nærmiljøanlegg og attraksjon er viktig for samfunnsutviklinga i Fyresdal
Foto: Kasper M. de Thurah

Satsingsområde 1

Samfunnsutvikling, kultur og frivillige

Utfordringar

Aktiviteten er høg, men innbyggartalet lågt. Det gjer at dialog med innbyggjarane i planlegging av tenesteutvikling er viktig. Eit levande lokalsamfunn aukar bulyst og stimulerande fellesskap. Deltaking i frivillig arbeid, organisasjonslivet og politisk arbeid har over tid hatt utfordringar med rekruttering. Dette er ei utfordring og ein trend som bør snu. Korleis ein skal gjere dette og kva som skal til for å skape engasjement, er noko av det som må løysast.

Trenden i frivillig arbeid har vore nedgåande og forventningane til at kommunen skal løyse fleire oppgåver har auka. Det er ei utvikling som må snu. Kommunen som organisasjon kan vere ein som legg til rette for frivillig arbeid, men ikkje ta eit totalansvar. Frivilligentralen vil vere sentral i kommunens arbeid.

Moglegheiter

Kultur- og frivillige bidrag har både ein eigenverdi og ein nytteverdi. Eigenverdi i form av opplevingar og samskaping, samt trygge og levande miljø. Nytteverdi i at organisasjonar og enkeltindivid har ei viktig rolle i lokalt samfunnsliv. Det offentlege vil ikkje kunne løyse alle oppgåver og bruk av frivillig arbeid har positive effektar for kommunen si framtidige utvikling og befolkningssamansetning.

Frivillige organisasjonar bidreg til kompetanse, læring og inkludering og gjev folk i alle aldrar anledning til å engasjere seg og vere ein del av eit fellesskap. Deltaking i samfunnslivet bidreg positivt til innbyggjaranes livskvalitet og folkehelse.

Fyresdal kommune har eit aktivitetstilbod som engasjerer og stimulerer til deltaking i alle aldrar og kommunen sikrar det frivillige arbeidet med god finansiering og ein sentral plass i samfunnet.

Samfunnsutvikling omfattar alle kommunale og private tenester og kommunen har eit godt samarbeid med offentlege og private aktørar på tvers av kommunegrenser.



Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige

Fyresdal kommune skal vere ein god stad å bu og leve

- Legge til rette for å skape gode bustadar og nærmiljø
- Ta vare på kulturarven
- Sikre at livsfaseperspektivet varetakast
- Legge til rette for kreative og innovative løysingar
- I Fyresdal skal det vere mogleg å gjere draumen levande



Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod

- Støtte opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod
- Legge til rette for aktivitet for alle aldersgrupper, og som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig
- Jobbe for ei meiningsfull fritid for alle



Fyresdal kommune skal styrke frivillighet og oppmunstre eldsjeler

- Legge til rette for møteplassar
- Stimulere til frivillig arbeid
- Stimulere til politisk arbeid



Næring og arbeidsliv

Privat sektor har dei siste 5 åra hatt vekst i talet på arbeidsplassar. I offentleg sektor har det i perioden vore ein stor nedgang. Totalt medfører dette ein nedgang i talet på arbeidsplassar.

Fyresdal har høg sysselsettingsgrad og låg arbeidsløyse. Utviklinga i arbeidsplassar og folketal heng tett saman. For å få vekst, må det skapast nye arbeidsplassar i privat næringsliv – næringsutvikling.

Om ein lykkast med næringsutviklinga, vil det skape grunnlag for vekst i offentleg sektor.

For at næringsliv og kommune skal få tilgang til arbeidskraft, må vi vere attraktiv som bustadkommune.





MHM Entreprenør & Service AS representerer vekst i privat sektor siden oppstart i 2018
Foto: MHM Entreprenør & Service AS

Satsingsområde 2

Næring og arbeidsliv

Utfordringar

Utfordringar med fallande innbyggartal og ei demografisk utvikling der vi får mange eldre i høve til born og unge vaksne, gjer tilgangen på arbeidskraft krevjande.

Vi treng unge innflyttarar.

Det har vore lite bygging av nye bustadar. Denne utviklinga medfører at bustadane i bygda blir eldre og mindre attraktive. Dette reduserer tilgangen på attraktive bustadar, og svekker marknaden og bulyst.

Vekst i arbeidsplassar og folketal vil føre til at vi treng fleire bustadar.

Eit vegnett med stort etterslep på vedlikehald er med på å svekke Fyresdal sine moglegheiter i høve til utvikling.

Moglegheiter

Mange opplever Fyresdal som ein attraktiv stad der dei kunne tenkt seg å bu og virke. Det er lagt godt til rette for å etablere næringsverksemd i Fyresdal. Kommunen har lagt til rette gode næringsareal, god tilgang på kraft og vi har eit svært konkurransedyktig prisnivå.

Det finst gode kontorfasilitetar til dei som treng det.

Det grøne skiftet må brukast som eit fortrinn for å skape næring i Fyresdal. Vi har tilgang til råvarer, areal og kraft. Ved å foredle råvarene lokalt vil transporten bli sterkt redusert i høve til dagens situasjon der vi i stor grad er ein råvareleverandør. Dette kan saman med sirkulærøkonomi utviklast til vårt største fortrinn.

Trendane i reiselivet legg til rette for vekst i desse næringane i Fyresdal. Vi kan utvikle naturopplevelingar og tenester av høg kvalitet. Samarbeid mellom Telemarkskommunane er viktig i ei satsing på turisme.

Vi kan tilby «fem-minuttars-samfunnet» med eit samla sentrum med gangavstand til dei fleste nødvendige tenester for dei som ynskjer dette.



Strategi for næring og arbeidsliv

Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling

- Arbeide for god infrastruktur
- Tilby næringstomter
- Tilby næringsbygg der det er mogleg
- Vurdere investering og eigarskap i aktuelle bedrifter
- Legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar
- Ta vare på primærnæringane
- Tilby dedikerte ressursar til næringslivet



Fyresdal kommune skal legge til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon

- Legge til rette for medverknad i utviklinga
- Stimulere til utvikling av overnattingskapasitet og tilbod
- Stimulere til utvikling av lokalmatkonseptet
- Stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar



Oppvekst og utdanning

Førebygging av utanforskning er noko av det viktigaste vi kan arbeide med for å sikre ein berekraftig velferdsstat også i fortsettinga. Utanforskning må ein førebygge så tidleg som mogleg med deltaking og inkludering. Å vere inkludert handlar om å ta avgjerd i eige liv, få ein betre livskvalitet og å høyre til i eit fellesskap. Tidleg innsats handlar om å gje hjelpe som tidleg som mogleg i eit menneske sitt liv, anten vanskeleg byrjar i eit lite barn sitt liv eller seinare i livet. Det er eit faktum at det er vanskeleg å hente inn ei negativ utvikling som har byrja i småbarnsperioden.

Oppvekstreforma peikar på desse områda. Den er ei investering i velferd for innbyggjarane, men den må også sjåast på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Ein god oppvekst er berekraftig og varer i generasjonar. Oppvekstsektoren i Fyresdal er allereie ein samla sektor, der fritid og tett samarbeid med frivillige er ein del av denne. Sektoren har også godt samarbeid med helse.

Vi har fine lokalitetar og alt samla innanfor ein radius på 200 meter. Dette gjer det trygt og kostnadseffektivt.





Opplæringa startar med dei minste barna i barnehagen
Foto: Fyresdal barnehage

Satsingsområde 3

Oppvekst og utdanning

Utfordringar

Barne- og elevtalet går ned. 94 % av elevane trur dei vil fullføre vidaregåande skule, men berre 13 % av gutane trur dei vil kome til å ta ei høgare utdanning.

Trivsel i norsk skule er høg, men talet går i retning av at ungdomen opplever skulen på ein dårlegare måte enn før. Fleire barn slit med psykisk uhelse og samansett problematikk.

Vi treng oppdatert og stabil kompetanse innanfor oppvekst, førebygging og psykisk helse. I tillegg treng vi betre system og kompetanse for å fange opp utfordringar tidleg.

Moglegheiter

Barnehage og skule er attraktive både som arbeidsplassar og som trygge og faglege læringsmiljø for barn.

Fyresdal kommune satsar på kompetanse og utvikling for å få gode overgangar frå 0 til 18 år. Vi skal utvikle robuste barn og unge med haldningar og ferdigheiter som gjer dei til aktørar i eigne liv og i stand til samhandling og samskapning.

Dagens ungdom er framtida. Framtidas politikarar og framtidas yrkesaktive. Ungdom må trivast, kjenne tilhøyr og identitet til heimkommunen for å kome tilbake. Det er derfor svært viktig at dei har plass og rom til å medverke og utforme eit samfunn for morgondagen.



Drivkraft

Strategi for oppvekst og utdanning

Fyresdal kommune skal vere ein god oppvekstcommune

- Ha eit heilskapleg og likeverdig oppvekstperspektiv frå 0 til 18 år
- Arbeide med innovative løysingar i all barnehage- og skuleutvikling
- Satse på tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggande tiltak
- Tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser
- Ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring
- Aktivt bruke naturen som opplæringsarena
- Legge til rette for god dialog med barn, unge og føresette
- Arbeide for å oppretthalde lågt fråfall i vidaregåande skule
- Ha nullvisjon for mobbing
- Arbeide for eit godt læringsmiljø i barnehage og skule
- Rusførebyggande arbeid for ungdom skal prioriterast



Beredskap



Folkehelse

Fyresdal kommune skal legge til rette for at alle kan lære heile livet

- Arbeide for å få tilbod om desentraliserte utdanningar og kompetanseløp
- Nyte arbeidslivet som arena for læring og utvikling
- Fyresdal skal vere ein føregangskommune på skule og barnehage
- Barnehageplass til alle
- Ta aktivt i bruk digitale læringsplattformer



Fortrinn



Medverknad

Helse og omsorg

Fyresdal kommune skal sørge for gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester til alle som treng det, uavhengig av alder og diagnose. Kommunen yt mange lovpålagde tenester, samt lågterskeltilbod. Vi er avhengige av god samhandling i sektoren vår, på tvers av sektorar og med frivillige for å få til ein god flyt i tenestene våre.





Sjukepleiarar på jobb på POS
Foto: Mona Landsverk

Utfordringar

Samfunnet endrar seg. Kommunane får stadig fleire oppgåver og krava til tenestene blir større. Demografiutviklinga i kommunen viser at vi får færre barn og arbeidsaktive, samtidig som vi får ein auk i antal eldre. Tilgangen til kvalifisert helsepersonell er begrensa og konkurransen mellom kommunane blir større. Fyresdal er ein liten kommune og skal yte tenester og kvalitet på same nivå som større kommunar. Alle desse faktorane betyr at vi må løyse utfordringane vi står overfor på ein annan måte enn før. Utstrekta bruk av velferdsteknologi vil vere eit av fleire viktige område å satse på, for å møte utfordringane.

Moglegheiter

Dei tradisjonelle helse- og omsorgstenestene vil ikkje klare å løyse dei komplekse utfordringane vi står overfor på eiga hand. Tidlegare har reformene og statlege føringar til kommunane vore meir «sektoriserte». Reforma «Leve hele livet» har i større grad lagt opp til ein større grad av samhandling internt i kommunen og meir involvering av lokalsamfunnet enn tidlegare. Å sikre aktiv deltaking i utforming av tenestene er eit viktig grep framover.

For å lykkast med endringane som er førespeglar, treng vi innbyggjarar som i stor grad tek vare på eige liv og helse, og tek helsevenlege livsval. Ved å skape helsefremmande omgjevnadar og prioritere førebygging før reparasjon, og folkehelsetiltak som når mange – ikkje få, vil folkehelsa gradvis betre seg.

Å legge til rette for auka grad av meistring og livskvalitet for den enkelte, blir viktig. På denne måten kan kommunen prioritere og legge til rette for dei med størst behov for tenester. Ved å ha fokus på tidleg innsats og førebygging i alle ledd, kan vi få friskare innbyggjarar, samt innbyggjarar som kan vere ein ressurs for andre. For å få til dette er kommunens omsorgstrapp og arbeid med folkehelse viktig.

For å møte kompetanseutfordringane vi har nå og som vi vil fortsette å ha i tida framover, er vi nøydde til å tenke utradisjonelt på korleis vi løyser oppgåvane våre og korleis vi organiserer tenestene.



Strategi for helse og omsorg

Fyresdal kommune skal ha førebyggande folkehelsetiltak som er lett tilgjengelege

- Tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser
- Stimulere til at innbyggjarane tek vare på eiga helse og nyttar seg av nærmiljøet
- Legge til rette for førebygging i alle livsfasar
- Legge til rette for at flest mogleg kan bu i eigen heim lengst mogleg
- Legge til rette for samarbeid med frivillige



Fyresdal kommune skal ha gode helse- og omsorgstilbod

- Individuelle tilpassa tenester for alle aldersgrupper
- Kontinuerleg utvikling av kommunen si tenestetrapp
- Satse på utvikling av tenester til heimebuande
- Vidareutvikle bruken av velferdsteknologiske løysingar
- Tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser
- Kva er viktig for deg? er førande for individuell brukarmedverknad
- Gje behandlings- og diagnostiseringstilbod nærmere brukarane der det er mogleg
- Sikre nok hender



Areal, klima og miljø

Fyresdal kommune har ein unik natur med alt ifrå vatn, strand og svaberg til skog og høgfjell.

Fyresdal har mykje urørt areal. Størstedelen av arealbruken er knytt til primærnæringa.

Fyresdal kommune legg vekt på at arealutnytting skal vere berekraftig, slik at ein kan arbeide for vekst i næringsutvikling og bruk av areal. Arealbruken er viktig for næringsliv og bulyst.

Dei menneskeskapte klimaendringane vil føre til alvorlege og irreversible konsekvensar for dyr, natur og menneske over heile kloden. Endringane skjer allereie. Dei er synlege i Noreg. Vi må førebu samfunnet og tilpasse oss eit klima i endring. Kampen mot klimaendringane krev at vi saman handlar kraftfullt for å kutte utsleppa av klimagassar i ein global dugnad.

FN sine berekraftsmål er viktig for alle planar vi skal ha, det vil vere ei sikring for at vi også får berekraftige tiltak for å gjennomføre planane. Kommuneplanens arealdel vil ta dette inn når den skal rullerast.



6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



7 REIN ENERGI TIL ALLE



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



13 STOPPE KLIMAENDRINGANE



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Telemarksdyr frå Snarteland
Foto: Birgith Reinskås Lunden

Satsingsområde 5

Areal, klima og miljø

Utfordringar

Fyresdal kommune har mange gamle reguleringsplanar/områdeplanar. Desse bør sjåast på ut ifrå dagens situasjon. Gamle planar som ikkje er realiserte bør opphevast.

Moglegheiter

Fyresdal kommune må vere med å førebygge klimaendringane, ved å arbeide etter utvalde delmål i FNs berekraftsmål. Vi skal i planlegging og utvikling vurdere berekraftige byggemåtar og energiløysingar.

Fyresdal skal vere med å redusere det totale klimafotavtrykket, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivarar for klimavenlege løysingar i samsvar med nasjonale føringar og målsettingar. Fyresdal er ein kommune som bidreg til den nasjonale kraftproduksjonen. Potensiale for ytterlegare kraftproduksjon bør vurderast. Alternativ klimanøytral energiproduksjon bør vurderast.

Handlingsrommet som ligg i disponering av areal må kunne nyttast fleksibelt. Ny teknologi og nye løysingar som er kunnskapsbaserte sett opp mot arealbruk og energiproduksjon må brukast som det fortrinnet vi har. Nye løysingar vil utfordre gamal lovgjeving. Dette er viktig for å få lovgjeving som støttar opp om dei nye løysingane som er berekraftige og klimanøytrale.



Drivkraft

Strategi for areal, klima og miljø

Fyresdal kommune skal legge til rette for attraktive bustadområde

- Kommunen skal ha tilgjengelege bustadområder
- Kommunen skal ha tilgjengelege utleigebustadar
- Kommunen skal legge til rette for bustadutbygging i grendene
- Vurdere ulik soneinndeling av strandsona, og opne for bygging i nokre område



Leiarskap

Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte

- Bevare kulturlandskapet, særleg støylar
- Miljø og klima har fokus i planarbeidet
- Legge til rette område for ulike næringer og fritidsaktivitetar
- Ha fokus på komande generasjonar
- Legge til rette for tur og fritid i natur og utmark
- Legge til rette for vidare utbygging av eksisterande og vurdere nye område for fritidsbustad



Beredskap



Folkehelse

Fyresdal kommune skal legge til rette for god infrastruktur som ledd i klima- og miljøfokuset

- Varetake og utvikle vegar, fiber og straumnettet
- Varetake mjuke trafikkantar
- Ha ladestasjonar for køyretøy
- Ha gode og lett tilgjengelege renovasjonspunkt, renovasjonsordning skal vere tilpassa den enkelte husstand sine behov
- Vurdere om ein skal satse på kommunale VA-anlegg i større hytteområde, med tilkoplingsplikt
- Sikre rent vgn til innbyggjarane
- Fornye gamalt VA-leidningsnett og arbeide for å redusere lekkasje på leidningsnettet



Fortrinn



Medverknad

Fyresdal kommune skal legge til rette for bruk av alternative energikjelder og energisparande tiltak

- Nytte og legge til rette for fornybar energi som til dømes sol og vind der det er mogleg
- Nytte energisparande tiltak på kommunale bygg, gå føre som eit godt eksempel og formidle informasjon og kunnskap om dette

Fyresdal kommune skal legge til rette for at jordviddene i kommunen med fjell, skog og utmark skal ha lokalt eigarskap


- Bruke lovforesegner om bu- og driveplikt som verkemiddel

Kommunen som organisasjon

Kommunen som organisasjon er viktig for alle innbyggjarane.

Kommunen har ulike roller. Kommunen er ein tenestetilbydar, ein tenesteutviklar, ein tilretteleggar og ein myndigheitsutøvar. Alle desse rollene er viktige for å kunne løyse dei oppgåvane ein kommune er delegert i form av lov. Kommunestyret er dei tilsette sin arbeidsgjevar. Kommunens jobb er å gje og utvikle tenester i tråd med lovverk, kommunale føringer i høve dei rammene som blir gjeve.

Nokre av tenestene blir gjeve til innbyggjarane i samarbeid med dei andre Vest-Telemarkkommunane, men dei viktigaste daglege tenestene blir gjeve lokalt.





Fyresdal Næringshagehus administrasjoner
Foto: Birgith Reinskås Lunden

Satsingsområde 6

Kommunen som organisasjon

Utfordringar

Forventningane til den kommunale tenesteproduksjonen aukar. Dette gjeld både nivå på tenestene og omfang av tenestene. Dette er ikkje berekraftig, og politikarane vil stå overfor tøffe prioriteringar når ressursane som blir stilt til rådighet ikkje svarar til auken ein ynskjer. Kommunens økonomi vil lite truleg vekse i åra framover, men kravet til tenestene vil auke.

Demografiutviklinga fører til at det blir fleire eldre, færre barn og unge og færre i yrkesaktiv alder. Denne utviklinga må løysast med forskyving av ressursar frå ein sektor til ein annan.

Moglegheiter

Kommunen som organisasjon må heile tida vere i endring med samfunnsutviklinga både lokalt og nasjonalt. Det set store krav til leiing og tilsette i forhold til endringskompetanse. Digitalisering av offentlege tenester er ein del av den utviklinga som ein må vere ein del av. Omstilling og effektivisering i kommunen vil vere eit sentralt tema i åra som kjem. Eit anna sentralt tema vil vere samarbeid med dei frivillige for å løyse oppgåver lokalsamfunnet treng. Digitalisering vil kunne bidrage til slik effektivisering.

Kommunal tenesteutvikling vil gå ifrå å vere tenester avgjort av fagpersonar i kommunen til å bli tenester som blir avgjort saman med brukaren. Dette krev ei endring av haldningar og forventningar både ifrå tenestetilbydaren og tenestemottakaren. Dette er det som kallast kommune 3.0. Ein slik måte å jobbe på vil krevje stor grad av medverknadsprosessar.



Drivkraft



Leiarskap



Beredskap



Folkehelse



Fortrinn



Medverknad

Strategi for kommunen som organisasjon

Fyresdal kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjever

- Kommunen som arbeidsgjever skal vere eit forbilde på godt arbeidsmiljø
- Vidareutvikle ein kultur som er prega av innovasjon og nytenking
- Delta i nasjonale og internasjonale prosjekt som fører til innovasjon og nytenking
- Ein arbeidsgjeverpolitikk som bidreg til ein kompetent og serviceorientert organisasjon
- Legge til rette for fleksible ordningar tilpassa den enkelte og arbeidsplassen sine behov
- Legge til rette for kompetansehevande tiltak som gjev utvikling og ny kunnskap som kan implementerast
- Bygge positivt omdømme og kultur, basert på tillit og openheit
- Bruke kreative løysingar i behalde- og rekrutteringsarbeidet
- Legge til rette for lærlingplassar i alle sektorar

Fyresdal kommune skal legge til rette for dialog og samskaping med innbyggjarar

- Formidle informasjon og dokumentasjon på ein god og oversiktleg måte
- Yte god service, gje god rettleiing og informasjon
- Utvikle og levere tenester i samspel med innbyggjarane
- Nutte brukarmedverknad som verktøy i sitt arbeid på individ- og organisasjonsnivå

Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

- Ha god økonomistyring
- Tilpassa tenestenivå ut ifrå tilgjengelege rammer
- Kraftinntekter nyttast i hovudsak til utviklingsarbeid



Fyresdal
kommune

FYRESDAL KOMMUNE

Organisasjonsnummer: 939 772 766
E-post: postmottak@fyresdal.kommune.no
Telefon: 35 06 71 00